

Luren

## Maurits Christopher Hansen (1794–1842)



☞ Maurits Hansen er ein av dei få norske forfattarane i tida like etter 1814. Interesse hans for litteratur og skrivning blir vekt allereie i ungdommen. Han skriv

både dikt, noveller og romanar. I tillegg er han lærar og lærebokforfattar.

☞ I 1819 kjem det første større verket av **i** Maurits Hansen, romanen *Othar af Bretagne*. Det litterære førebiletet for boka er riddarromanane til den tyske romantiske forfattaren Friedrich de la Motte Fouqué (1777–1843).

☞ I 1840 gir Hansen ut *Mordet paa Maskinbygger Roolfsen. Kriminalanekdote fra Kongsberg*. Denne boka blir rekna for å vere Noregs første detektivroman. Hansen skreiv også fleire andre kriminalforteljingar.

☞ Maurits Hansen blir sett på som den største forfattaren i samtida si. Han er også den mest lesne og ei inspirasjonskjelde for mange forfattarar som kjem etter han, for eksempel Henrik Wergeland, Jørgen Moe, Peter Christen Asbjørnsen, Camilla Collett og Henrik Ibsen.

## Novella «Luren»



☞ Novella «Luren» av Maurits Hansen kjem ut i 1819. Novella blir gjerne omtalt som den første bondeforteljinga i norsk litteratur, og ho har klare nasjonalromantiske trekk.

☞ Handlinga er lagd til Gudbrandsdalen. Forteljaren, Carl Møllmann, er ein ung akademikar på reise gjennom dalen. Han fortel oppglødd om folkeliv, hendingar og naturopplevingar på ferda og karakteriserer landskapet som ”det egentlige Norge”.

☞ Hovudpersonen i novella er ein storbonde som inviterer Møllmann til å overnatte på garden hans. Dottera på garden elsker ein fattig gut, men bonden er for stolt til å godta ein svingerson frå husmannsstanden. Ved eit tilfelle finn gjesten frå byen ut at dei to unge har eit barn saman, og det har dei greidd å skjule for

alle. Da grip han inn og ordnar opp slik at dei unge kan få kvarandre trass i standsforskjellen.

☞ I novella sigrar kjærleiken over samfunnsskapte skilnader. Men for menneska på 1800-talet høyrer nok denne løysinga meir heime i litteraturen enn i kvardagslivet.



## Søkjelys på bondekulturen

☛ I 1814 får Noreg si eiga grunnlov, og for nordmennene blir det viktig å kunne dokumentere at Noreg er ein eigen nasjon. Dei kan vise til sagalitteraturen og til ei stolt nasjonal historie fram til 1300-talet, men fire hundre år under dansk styre har gjort sitt til at det er lite att som kan kallast opphavleg norsk. Skriftspråk og litteratur er dansk, overklassen er danske innvandrara. Berre bondestanden har bevart delar av den gamle norske kulturen. Derfor set kunstnarar og forskarar søkjelyset på bondekulturen.

☛ Maurits Hansen gir ei idealisert framstilling av både miljø og menneske i novella si. Bonden Thord er for eksempel ein stolt mann og direkte etterkommar av kong Harald Hårfagre. Meir norsk er det

omtrent ikkje mogleg å bli. Hansen framhevar også at bonden talar dialekt, han går kledd i nasjonaldrakta si, og han er slett ikkje utan danning og historiekunnskapar. Formålet med personskildringa i novella er nok meir å gjere lesaren stolt over bonden og bondekulturen enn å skape realistiske og nyanserte personportrett.

☛ I 1869 er det ein forfattar som skriv dette om «Luren»:

*En norsk storbonde, som i årevis ikke av sine egne kan overtales til å ta en husmannsgutt til svigersønn, lar seg sannelig ikke beseire ved en smule moralprediken av en fremmed reisende og ved oppdagelsen av sin datters vanære gjennom samme reisendes utilgivelige indiskresjon. Selv om han også mange ganger får Bibelen og Snorre Sturleson foran seg på bordet, hvor smukk og betydningsfull enn denne sammenstilling i seg selv kan være.*

# Maurits Hansen som pedagog

☞ Maurits Hansen er ikkje berre diktar, men også lærar i Trondheim og seinare skolestyrar ved Kongsberg middelskole. Han skriv lærebøker i mange ulike fag, mellom anna i fransk, tysk og latin, og han gir ut ein grammatikk i morsmålet som kjem i fleire opplag.

☞ Hansen tek ikkje del i den offentlege språkdebatten i 1830-åra. Men han er overtydd om at skriftspråket om nokre få tiår vil vere heilt fornorska. I den femte utgåva av morsmålsgrammatikken, som kjem i 1837, bruker han *ortofonisk* eller lydrett stavemåte. Han sløyfar stumme bokstavar, sluttar å markere lang vokal med dobbeltvokal og fornorskar skrivemåten i ein del ord:

The, Dands, Troe > Te, Dans, Tro  
Riis, Muus > Ris, Mus  
Philosophie > Filosofi

☞ Departementet synest at endringane er altfor radikale og tillèt ikkje at skolane bruker denne rettskrivinga. Det går nesten tretti år før skolebarna får lov til å skrive slik Hansen har foreslått. Først i 1862 endrar departementet syn. No tilrår både språkmannen Knud Knudsen (1812–1895) og fleire skolefolk desse endringane. Men også Maurits Hansen har altså medverka til å rydde veg for fornorskinga av det danske skriftspråket.



*Forsøg til en hensigtsmæssig  
barnets første bog*



*Praktisk Veiledning  
i Modersmaalet*

